

Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 16/6166-7

## **Felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring gjere slikt vedtak:**

1. Hovudutval for opplæring vedtek det reviderte fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane slik det går fram av vedlegg 1.
2. Fråværsreglementet gjeld frå 1.8.2016.
3. Det skal visast til fråværsreglementet i skulane sine ordensreglement. Fråværsreglementet skal også følgje som vedlegg til ordensreglementet

#### Vedlegg:

1. Fråværsreglement for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane
2. Om fråværsgrense og trafikkopplæring (Brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane)
3. Svar frå Fylkesdirektøren for opplæring til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. HO-sak 22/2016 Felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane
2. Møtebok Hovudutval for opplæring 31.08.2016

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

I HO-sak 22/2016 Felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane gjorde hovudutvalet følgjande vedtak:

1. *HO vedtek det reviderte fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane slik det kjem fram av vedlegget 1.  
Tilføyning til punkt 4 a)  
Obligatorisk kurs i glattkjøring, langkjøring og oppkjøring til førerprøva vert å rekne som lokal velferdsgrunn (obligatorisk del av kjøreopplæringa.)*
2. *Fråværsreglementet skal gjelde frå 1.8.2016*
3. *For kravet til dokumentasjon må skulane utarbeide rutinar i samarbeid med aktuelle samarbeidspartar. Ein må sjå til at rutineane vert så smidige at dei ikkje belastar nokon av partane meir enn nødvendig. Administrasjonen ser til at dei vert likt praktisert ved skulane.*
4. *Det skal visast til fråværsreglementet i skulane sine ordensreglement. Fråværsreglementet skal også følgje som vedlegg til ordensreglementet.*
5. *Leiar vert i samråd med fylkesordførar og Elevorganisasjonen bedd om å orientere Stortinget sin utdanningskomité om dei praktiske følgjene (vanskane) av det nye reglementet, og mellom anna få avklart om det er samsvar mellom vedtaket i Stortinget 14. juni om å oppheve fråværsgrensa på 10 prosent, og forskrift vedtatt av*

*Kunnskapsdepartementet 23. juni om innføring av 10%-regel med visse unntak. Vidare viktighet av likebehandling mellom fylka, sett i lys av av fritt skulevalg over fylkesgrensene.*

Fylkesdirektøren for opplæring mottok 02.09.2016 brev om lovlegkontroll frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane på vedtaket hovudutvalet gjorde i sak 22/2016.

I brevet frå Fylkesmannen står det at regelen om fråværsgrense i forskrift til opplæringslova § 3-3 siste ledd gjeld heile landet, og Sogn og Fjordane fylkeskommune kan ikkje vedta eit reglement som er i strid med lov og forskrift. Fylkesmannen oppmodar om at Sogn og Fjordane Fylkeskommune om så snart som mogleg rette fråværsreglementet sitt i tråd med gjeldande lov og forskrift

Med bakgrunn i dette legg fylkesdirektøren for opplæring fram vedtak om eit revidert felles fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane (vedlegg 1)